

Hordaland og Vestlandet sin representasjon i den politiske leiinga i departementa og i stortingskomiteane 2009-2013

1 Den politiske leiinga i departementa

Den politiske leiinga i departementa består forutan av statsrådene, av statssekretærar og politiske rådgivarar. Statssekretærar blir utnemnde i statsråd, medan politiske rådgivarar blir tilsette av Statsministeren sitt kontor. Den politiske leiinga blir skifta ut ved regjeringsskifte.

Regjeringa Stoltenberg II består av 20 personar, 10 kvinner og 10 menn. Av desse er 5 statsrådar frå dei fire vestlandsfylka, i tydinga av at dei anten bur, jobbar eller er oppvaksten i eitt av desse fylka. 2 er frå Hordaland, 1 er frå Sogn og Fjordane og 2 er frå Rogaland.

I tillegg er 5 av 43 statssekretærar og 4 av 16 politiske rådgivarar i den øvrige politiske leiinga i departementa/statsministeren sitt kontor, frå Vestlandet¹. Av desse 9 statssekretærane og politiske rådgivarane er 4 frå Hordaland, 2 frå Rogaland, 2 frå Sogn og Fjordane og 1 frå Møre og Romsdal.

Desse fordeler seg på departementa på følgjande måte:

Tabell 1: Oversikt over personar frå Vestlandet i den politiske leiinga i departementa, 2009-2013

DEPARTEMENT	STILLING	NAVN	FYLKE
Statsministerens kontor	Statssekretær	Svein Fjellheim	Rogaland
Barne- og likestillingsdepartementet	Statsråd	Audun Lysbakken	Hordaland
Fiskeri- og kystdepartementet	Statssekretær	Vidar Ulriksen	Sogn og Fjordane
	Politisk rådgivar	Fride Solbakken	Rogaland
Helse- og omsorgsdepartementet	Statsråd	Anne-Grethe Strøm-Erichsen	Hordaland
	Politisk rådgivar	Heidi Rosendal Lindebotten	Hordaland
Kommunal- og regionaldepartementet	Statsråd	Liv Signe Navarsete	Sogn og Fjordane
	Statssekretær	Hege Solbakken	Hordaland
Kultur- og kirkedepartementet	Statssekretær	Lubna Jaffery Fjell	Hordaland
Kunnskapsdepartementet	Statsråd	Tora Aasland	Rogaland
Landbruks- og matdepartementet	Statssekretær	Ola T. Heggem	Møre og Romsdal
	Politisk rådgivar	Hildegunn Gjengedal	Sogn og Fjordane
Samferdselsdepartementet	Statsråd	Magnhild Meltveit Kleppa	Rogaland
Utenriksdepartementet	Politisk rådgivar	Tarjei Skirbekk	Hordaland

¹ Talet på statssekretærar og politiske rådgivarar frå Vestlandet er basert på opplysningar om desse personane som ligg på regjeringen.no. Det betyr at det reelle talet *kan* avvike noko.

2 Stortingskomitéane

Vestlandsbenken

Vestlandsbenken omfattar stortingsrepresentantane frå dei fire vestlandsfylka; Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland og Møre og Romsdal. For perioden 2009 – 2013 utgjer dette til saman 42 av 169 stortingsrepresentantar. Det vil seie at 25 % av alle stortingsrepresentantane kjem frå Vestlandet.

Dei komiteane som Vestlandet har størst representasjon i er: Energi- og miljøkomiteen (7), Kirke, utdannings- og forskningskomiteen (5), Næringskomiteen (5), Transport- og kommunikasjonskomiteen (4) og Helse- og omsorgskomiteen (4). I Energi- og miljøkomiteen utgjer vestlandsrepresentantane 50 % av alle komitémedlemane.

Dei fire vestlandsfylka har tyngda si i ulike komitéar. Rogaland er tyngst inne i Energi- og miljøkomiteen med 3 representantar, Hordaland i Transport og kommunikasjonskomiteen og Helse-omsorgskomiteen med 3 representantar i kvar, Sogn og Fjordane i Energi- og miljøkomiteen med 2 representantar og Møre og Romsdal i Næringskomiteen med 4 representantar.

Tabell 2: Fordeling av stortingsrepresentantar frå dei fire vestlandsfylka på stortingskomiteane, 2009-2013

KOMITÉ	HORDALAND	SOGN OG FJORDANE	ROGALAND	MØRE OG ROMSDAL	TOTALT
Arbeids- og sosialkomiteen	2	0	1	0	3/13
Energi- og miljøkomiteen	1	2	3	1	7/14
Familie- og kulturkomiteen	1	0	1	0	2/12
Finanskomiteen	1	0	2	0	3/18
Helse- og omsorgskomiteen	3	0	1	0	4/15
Justiskomiteen	0	0	0	2	2/13
Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen	1	1	1	2	5/16
Kommunal- og forvaltningskomiteen	2	1	0	0	3/13
Kontroll- og konstitusjonskomiteen	0	0	1	0	1/11
Næringskomiteen	0	1	0	4	5/14
Transport- og kommunikasjonskomiteen	3	0	1	0	4/16
Utenriks- og forsvarskomiteen	1	0	2	0	3/17
Totalt	15	5	13	9	

Hordalandsbenken

Hordalandsbenken omfattar dei 15 stortingsrepresentantane frå Hordaland.

Hordaland har flest representantar i Helse- og omsorgskomiteen (3) og Transport- og kommunikasjonskomiteen (3). Deretter Arbeids- og sosialkomiteen (2) og Kommunal- og forvaltningskomiteen (2).

Hordaland er no representert i 9 av 12 komitear.

Dei komiteane som Hordaland ikkje er representert i er Næringskomiteen, Kontroll- og konstitusjonskomiteen og Justiskomiteen. I forrige periode var Hordaland utan representantar i 5 komitear. Dette var i Energi- og miljøkomiteen, Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen, Kontroll- og konstitusjonskomiteen, Kommunal- og forvaltningskomiteen og Forsvarskomiteen. Til gjengjeld hadde dei representantar i Næringskomiteen (2) og Justiskomiteen (1) og var tungt representert i Utenrikskomiteen (3).

Hordaland er soleis i denne stortingsperioden betre representert i dei komiteane som jobbar i høve til tema som er relevant for regional utvikling, samanlikna med forrige periode.

Det er representantar frå opposisjonspartia som tradisjonelt er mest aktive i form av spørjetimespørsmål, interpellasjonar, dokument 8-forslag (private forslag), komitemerknader, osb. I inneverande periode kjem 8 av representantane på Hordalandsbenken frå opposisjonspartia: 1 av desse sit i Arbeids- og sosialkomiteen, 2 i Helse- og omsorgskomiteen, 1 i Kirke, utdannings- og forskningskomiteen, 1 i Kommunal- og forvaltningskomiteen, 2 i Transport- og kommunikasjonskomiteen og 1 i Utenrikskomiteen (sjå tabell 3).

Tabell 3: Fordeling av stortingsrepresentantar frå Hordaland på stortingskomiteane, 2009 – 2013

KOMITÉ	NAMN	PARTI	VERV
Arbeids- og sosialkomiteen	Tove Brandvik Linnea	A	Medlem
	Laila Marie Reiertsen	FrP	Medlem
Energi- og miljøkomiteen	Per Rune Henriksen	A	Medlem
Familie- og kulturkomiteen	Gina Knutson Barstad	SV	Medlem
Finanskomiteen	Dag Ole Teigen	A	Medlem
Helse- og omsorgskomiteen	Kjersti Toppe	Sp	Første nestleiar
	Erna Solberg	H	Medlem
	Laila Dāvøy	KrF	Medlem
Kirke, utdannings- og forskningskomiteen	Henning Warloe	H	Medlem
Kommunal- og forvaltningskomiteen	Gjermund Hagesæter	FrP	Første nestleiar
	Hilde Magnussen Lydvo	A	Medlem
Transport- og kommunikasjonskomiteen	Øyvind Halleraker	H	Medlem
	Arne Sortevik	FrP	Medlem
	Magne Rommetveit	A	Medlem
Utenriks- og forsvarskomiteen	Karin Woldseth	FrP	Medlem